



Trenaren for Rosendal, uskedelingen Ivar B. Arnesen, tente fredag kveld håpet om at laget likevel kan unngå nedrykk, men det skjedde på overtid! Han gjorde sitt luraste trekk i kampen da han sette seg sjølv innpå heilt på tampen og etterat gjestane Bremnes hadde teke leiinga med 1-0.

Arnesen hadde ikkje vore lenge på banen før han sette eit frispark rett i mål frå meir enn 20 meter og eitt minutt på overtid. Fire minuttar etter utligninga scora Yngve Enes sigersmålet.

- Me la om til tre på topp og klarte å snu ein ellers dårleg kamp, sa ein nøgd Arnesen til Kvinnheringen.

Uskedelingen, som har bak seg meir enn 150 kampar for Rosendal kan det altså framleis. Han var spelande trenar også i 2005 og 2006 og går altså svært effektivt inn i den rolla framleis når det knip!

På biletet over har frisparket hans passert målstreken!

(Foto: Jonn Karl Sætre, Kvinnheringen)